

Problemstillingar	Revisor sine observasjonar/ funn i rapporten	Revisor sine konklusjonar	Revisor sine tilrådingar
<p>1. Kartlegging av selskapsleiing i samsvar med aksjeloven</p> <ul style="list-style-type: none"> - Styreinstruks, instruks daglig leiar, styreevaluering mm 	<ul style="list-style-type: none"> • Daglig leiar sin instruks er av eldre dato (2005) og opphavelig laga for eit anna selskap • Styreinstruks er vedtatt i oktober 2017 (etter varsling om selskapsgjennomgang) • Styrevedtak føreligg på ønske om styreevaluering i forkant av generalforsamlinga i 2018. Selskapet har tidlegare ikkje gjennomført planmessige evalueringar av styret sitt arbeid. • Selskapet har eit aktivt styre og revisjonsutval 	<ul style="list-style-type: none"> • Selskapet synes å etterleve krava i aksjeloven til organisering, leing og styrebehandling 	<ul style="list-style-type: none"> • Ta ein gjennomgang og derav nytt vedtak, på daglig leiar sin instruks, då denne er datert 2005 • På generelt grunnlag bør rutinebeskrivingar daterast med sist oppdaterte dato • Ta inn i styret sin instruks kor ofte styreevaluering skal gjennomførast
<p>2. Kartlegging av rutinar på økonomiområde for å sikre tilstrekkelig IFRS kompetanse og etterleving, samt hensiktsmessig og forståeleg rapporteringsstruktur</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Selskapet har ingen formell IFRS kompetanse og årsrekneskapet bærer preg av dette • Selskapet har utfordringar med å kommunisere innhaldet i sitt årsrekneskap på ein forståelig måte • Selskapet er for øvreg prega av å være ein liten organisasjon, med manuelle rutinar og system 	<ul style="list-style-type: none"> • Selskapet har lav IFRS kompetanse, dette blir i nokon grad kompensert av selskapet sin revisor som er svært kompetent • Rapporteringsstrukturen står fram som vanskelig 	<ul style="list-style-type: none"> • Selskapet bør søke meir IFRS kompetanse og gjøre innhaldet i rapporteringa meir tilgjengelig for leserane av årsrekneskapet • Årsrekneskapet kan stå fram som langt meir forståelig med større grad av presise prinsippbeskrivingar, utfyllande noteopplysningar og forklaringar av økonomiske effektar, derunder når effektar er venta å bli reversert. • Med tanke på at selskapet har stor negativ eigenkapital, bør det til årsrekneskapet i større grad opplyst og forklaras på kva grunnlag eigenkapitalen likevel blir vurdert å være tilstrekkeleg.
<p>3. Kartlegging av rutinar for finansforvaltninga</p> <ul style="list-style-type: none"> - Instruks, retningslinjer, fullmakter og etterleving 	<ul style="list-style-type: none"> • Område for finansforvaltninga er ukomplisert • Selskapet har i periodar store likviditetsreservar, men selskapet er underlagt strenge reglar for bruk av disse midlane. • Reglane kan bli endra ved ny bompenggeavtale, gjennom at det kan bli tillatt med porteføljeforvaltning av gjeldsportefølja. Dette vil i tilfelle krevje nye rutinar og system som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering i framtida • Det har i nokre tilfelle av at forskot som er betalt inn på eit bompengeprojekt, har vore brukt til trekk på andre bompengeprojekt. Selskapet meiner de no har rydda opp i dette. 	<ul style="list-style-type: none"> • Selskapet står fram som å ha oversiktlege rutinar på finansforvaltningsområdet 	<ul style="list-style-type: none"> • Selskapet bør utarbeide skriftlege rutinar og fullmakter innfor finansområdet
<p>4. Kartlegging av system og retningslinjer med tanke på rentesubsidiering/kryss-subsidiering, samt system for fordeling av felleskostnader.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Selskapet sin revisor har i tillegg til ordinær revisjon gjennomført avtalte kontrollhandlinger på område for kostnadsfordeling, utan å ha funne avvik • Når det gjeld rentesubsidiering vises det til problemstilling 3 som sei at det ikkje kan forekomme lån eller innskot som ikkje er prosjektspesifikk, knytta til prosjekta • Det føregår heller ikkje garantistillingar eller kausjonar som ikkje er prosjektspesifikk 	<ul style="list-style-type: none"> • Selskapet har god oversikt over system og retningslinjer for å unngå rentesubsidiering/kryss-subsidiering 	<ul style="list-style-type: none"> • Selskapet bør utarbeide skriftlege rutinar for også å sikre dette i framtida